



Absolutt Form - Rolf Hermansen  
Leirvikveien 68  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/11 - 22/25480

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
29.03.2022

## Svar på spørsmål om behovet for dispensasjon frå arealføremålet LNF - gbnr 1/10 Flatøy

Alver kommune viser til din førespurnad datert 21.03.2022 om behovet for å søkja dispensasjon frå arealføremålet LNF for omsøkt rehabilitering av kommandantbustaden på gbnr 1/10.

Kommandantbustaden ligg i område som er avsett til LNF-føremål i kommunedelplanen for Meland. Det går fram av føresegn 3.1 til planen at LNF-føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Det er kommunen si vurdering at omsøkt rehabilitering og oppgradering av kommandantbustaden er eit søknadspiktig tiltak som krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF, på same måte som det vart søkt om ved rehabilitering av våningshuset i Skageneset på Radøy, jf. vedtak i Utval for plan, landbruk og teknisk i møte 05.12.2018, og etablering av vass- og avløpsanlegget fram til kommandantbustaden, jf. vedtak i Utval for areal, plan og miljø i møte 09.12.2020.

Vårt krav om at tiltaket krev dispensasjon vert oppretthalde, jf. vårt skriv datert 10.03.2022.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen

Leirvikveien 68

5179

GODVIK